

Haustsong

Det er på tide å breie ned beda
På tide å få båten under tak
På tide å legge i omnen
Og høyre på vinden som raslar og suser
På tide å leite fram frakken
Og drikke i varme krus
For hausten har kome heller ubedt
Det er fristande å trekkje i hus

Nei, kom igjen, kom igjen
og bli med ut og gå
for fuglane er stadig i live
og himmelen er ganske blå

Det er tid for å mure seg inne
Det er tid å gå på umelde besøk
Det er tid for å spele ei plate
Og høyre musikken som raslar og suser
Om månen blir litt nysgjerrig
Og prøver å kike inn
Ein kveldskvit strime av månelys
Kan lette våre haustlege sinn

Så kom igjen, kom igjen
og bli med ut og gå
for fuglane er stadig i live
og himmelen er haustnattblå

Det er på tide å bu seg til natta
På tide med ei kveldskald, lita seng
Med berre oss sjølve til varme
Så høyrer vi vinden som raslar og suser
Er det tid for å krype tett saman
Eller endar vi kvar for oss?
Den einaste måten å finne det ut
er å tankelaust kaste loss

Så kom igjen, kom igjen
Kven vil vel ut å gå?
Og ikkje bry deg om fuglane der ute
Som masar og bankar på